



Avinor AS avd Kristiansund lufthavn  
Postboks 150  
2061 GARDERMOEN

## Revisjonsrapport – 2014.003.R.FMMR

### Revisjon hos Avinor avd. Kristiansund lufthavn, Kvernberget

Dato for revisjonen: 24.01.14 og 28.01.14.

#### Kontaktpersonar ved revisjonen

Frå verksemda:

Ole Kristian Pettersen

Frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal:

Reidun Sofie Schei

Anne Grete Kleven

#### Resultat frå revisjonen

Denne rapporten omhandlar dei avvik og merknader som vart funne innan dei reviderte områda av det systematiske helse, miljø og sikkerheitsarbeidet (HMS) i verksemda. Desse vart presentert på sluttmøte hos verksemda 28.01.14.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal avdekkja 2 avvik og 2 merknader under revisjonen.

Avvika omhandlar:

- Oppfølging av miljømåla på lufthamna er ikkje skriftleg dokumenterte
- Den enkeltvegga tanken for glykol har ikkje oppsamlingskar

Desse er nærmare omtala frå side 4 og utover i rapporten. For at Fylkesmannen i Møre og Romsdal skal kunne avslutte saken, må verksemda sende dokumentasjon på at avvika er retta innan 11.04.14. Oppfølging etter revisjonen er nærmare beskrive på side 3.

Vi vil til slutt nytte høvet til å takke for god mottaking og godt samarbeid under revisjonen.

Med helsing

Anne Melbø  
fagansvarleg

Anne Grete Kleven

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

kopi:

Kristiansund kommune Postboks 178 6501 Kristiansund N

## 1. Informasjon om verksemda

<b>Organisasjonsnr (undereining):</b> 974719932	<b>Fies av:</b> 985198292
<b>Besøksadresse:</b> Kvernberget, 6517 Kristiansund	<b>Telefon:</b> 67 03 24 00
<b>Bransjenr. (NACE-kode):</b> 52.230	<b>E-post:</b> ok.pettersen@avinor.no

### Kontrollert anlegg

<b>Namn:</b> Avinor Kristiansund lufthavn, Kvernberget	<b>Anleggsnr.:</b> 1505.0023.01
<b>Kommune:</b> Kristiansund	<b>Anleggsaktivitet:</b> Flyplasser
<b>Fylke:</b> Møre og Romsdal	<b>Risikoklasse:</b> 2
<b>Løyve gitt:</b> 18.11.09	

## 2. Omfanget av revisjonen

Rapporten er utarbeida etter ein revisjon ved Kristiansund lufthavn, Kvernberget 24.01.14 og 28.01.14. Revisjonen er ein del av Fylkesmannen i Møre og Romsdal sin planlagde revisjonsverksemd for året.

Formålet med revisjonen var å vurdere om det systematiske helse-, miljø- og sikkerhetsarbeidet fungerer tilfredsstillande, og om verksemda har ein tilfredsstillande styring med aktivitetar som er viktige for det ytre miljø. Fylkesmannen i Møre og Romsdal har blant anna undersøkt om:

- Verksemda sitt system for internkontroll er formålstenleg og presist
- Aktivitetar vert gjennomført slik som verksemda seier (både skriftleg og munnleg)
- Verksemda når sine mål og driv innanfor egne rammer og rammer som styresmaktene har sett

Revisjonen vart gjennomført ved:

- Gransking av dokument
- Intervju av sentralt plasserte personar i organisasjonen
- Synfaring
- Verifisering (ved stikkprøvekontroll) at rutinar, prosedyrar og instruksar blir følgt opp i praksis

### Hovudtema for kontrollen:

- Internkontroll
- Utslepp til vatn
- Kjemikaliehandtering
- Beredskap ytre miljø
- Farleg avfall/ avfallshandtering

Vi vil gjere merksam på at ikkje *alle* sider av verksemda som kan ha noko seie for ytre miljø, vart granska ved kontrollen. Verksemda må sjølv aktivt utøve internkontroll, avdekkje feil og manglar og setje i verk nødvendige tiltak. Denne rapporten omhandlar avvik som vart funne under revisjonen og gir inga fullstendig tilstandsvurdering av verksemda sitt

miljøarbeid eller miljøstatus. Det er Miljødirektoratet som i dag har myndighet for brannøvingsfelt, og det er derfor ikke med som tema i denne revisjonen.

## Definisjonar

**Avvik:** Overtrede av krav fastsatt i helse-, miljø- og sikkerhetslovgivninga (til dømes krav i forureiningslova, forskrift heimla i forureiningslova, internkontrollforskrifta eller krav og vilkår fastsatt i utsleppsløyve eller dispensasjonar, samt verksemda sine egne rutinar for å oppfylle styresmaktene sine krav)

**Merknad:** Eit forhold som ikkje blir omfatta av definisjonen på avvik, men som tilsynsetatane meiner det er rett å påpeike då det har eller kan ha noko å seie for å ta vare på det ytre miljø.

## 3. Oppfølging etter revisjonen

Verksemda pliktar snarast å rette opp dei avvik som vart funne. For at Fylkesmannen i Møre og Romsdal skal kunne avslutte saken, må verksemda sende oss dokumentasjon på at avvika er retta innan **11.04.14**.

Vi ber dykk om å stile svarbrevet eller e-post (postmottak@fmnr.no) til Fylkesmannen i Møre og Romsdal merka med saksnummer.

## 4. Gebyr for revisjonen

Verksemda er ved denne revisjonen plassert i gebyrsats 4, jf. førehandsvarsel i brev datert 12.12.13. Dette vil seie at verksemda må betale kr. 45.100 - i gebyr for den gjennomførte kontrollen.

Faktura blir sendt frå Miljødirektoratet. Vedtaket om gebyr er gjort med heimel i § 39-8 i forureiningsforskrifta.

Vedtaket kan påklagast til Miljødirektoratet jf. § 28 i forvaltningslova. Klagefristen er 3 veker. Eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og den skal sendast via fylkesmannen som vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til klageorganet for endeleg vedtak. Ein eventuell klage vil ikkje få oppsettjande verknad, og det gebyret som er fastsett ovafor må betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følgje, blir for mykje innbetalt beløp refundert. Faktura med innbetalingsblankett vert sendt ut frå Miljødirektoratet. Gebyret må betalast innan 30 dagar etter fakturadato.

## 5. Offentlighet i forvaltninga

Denne rapporten er offentlig via postjournal til Fylkesmannen i Møre og Romsdal (jf. offentlighetslova).

Kopi av rapporten sendes også til:

- Kristiansund kommune

## 6. Funn

Vi fant følgjande under revisjonen:

### Avvik 1

*Oppfølging av miljømåla på lufthamna er ikkje skriftleg dokumenterte*

#### Avvik frå:

- Forskrift om systematisk helse, miljø og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften) § 5, 2. ledd pkt. 4 og 6 samt § 6
- Utsleppsløyve pkt. 2.5.

#### Kommentarar:

Avinor har sett miljømål for 2014, men desse viser ikkje det som verkeleg blir gjort på lufthamna av Avinor eller av dei andre aktørane. Arbeidet med miljømåla og tilhøyrande handlingsplanar skal ta for seg både dei andre aktørane og det som skal bli gjort i eigen organisasjon. Miljømåla som Avinor har for sin verksemd, må bli gjort kjent for dei andre aktørane på lufthamna. Det bør lagast ein meir tydeleg handlingsplan som då gjeld for alle aktørane. Dette gjeld til dømes miljømålet om auka sorteringsgrad på avfall. Beredskap for ytre miljø må også involvere dei andre aktørane på lufthamna i større grad enn det gjer i dag.

Det er mykje som blir gjort i dag av tiltak når det gjeld ytre miljø, men dette er ikkje synleg då tiltaka ikkje er satt opp på handlingsplana. (Dette gjeld til dømes reinsing av hydraulikkolje som då vil medføre mindre forbruk av miljøskadeleg produkt og auka gjenvinning).

I løyve er det sett som vilkår at verksemda til ein kvar tid skal ha oversikt over alle aktivitetar som kan medføre forureining og kjenne risikotilhøva. No ventar lufthamna på den framtidige utbygginga, og i vente på ferdigstilling av prosjektet er det særskilt viktig å utføre interne risikovurderingar fordi plassen ikkje er stor nok og fordi ein ikkje skal miste fokus på miljø og slik «taka med seg dårlege haldningar til det nye anlegget».

### Avvik 2

*Den enkeltvegga tanken for glykol har ikkje oppsamlingskar*

#### Avvik frå:

- Forskrift om systematisk helse, miljø og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften) § 5, 2. ledd pkt. 6 og § 6
- Utsleppsløyve pkt. 2.5 og 8.2.

#### Kommentarar:

Det er Avinor som har ansvar for all aktivitet på lufthamna og at SAS sine lagertankar tilfredsstillar krav i løyvet.

I miljørisikoanalysen frå 2009 er det pekt på lagring av glykol. Denne rapporten seier at risikoen er høg og utbetring difor skal ha høgast prioritet.

Etter at SAS hadde eit akuttutslepp i 2009 der 3000 l med avisningsvæske rann ut frå tankane, er det satt på påfyllingsvern med fleire ventilar. Andre risikoreduserande tiltak er ikkje gjort. Det manglar framleis oppsamlingskar rundt den enkeltvegga tanken og oppsamlingskar for spill frå slangane etc.

### *Merknader*

#### Merknad 1

Det fins datablad eldre enn januar 2009.

#### Merknad 2

Merking av lagertankar, IBC-tankar og avfallsdunkar kan bli betre.

## **7. Andre forhold**

Kristiansund lufthavn, Kvernberget, har store utbyggingsplaner. I lufthamna sitt utsleppsløyve er det satt som vilkår at overvatn frå avising skal samlast opp og førast til utsleppspunkt i Omsundet. Avinor har på grunn av dei omfattande endringane på lufthamna søkt om å få forlenga frist til 2018 til å få dette på plass. Fylkesmannen i Møre og Romsdal gir difor Avinor utsatt frist til oppsamling av overvatn til 31.12.18.

## **8. Gjennomføring**

Revisjonen omfatta følgjande aktivitetar:

- Verksemda vart varsla om revisjonen per telefon 12.12.13 og gjennom brev datert 12.12.13.
- Opningsmøte 24.01.14: Orientering om revisjonen, sentrale omgrep vart definert og hovudkrava i internkontrollforskrifta vart gjennomgått. Omfang og gjennomføring av revisjonen vart gjennomgått. 3 personar deltok på opningsmøte.
- Intervju og synfaring: 8 personar vart intervjuet.
- Avsluttande møte 28.01.14: Avvik og merknader vart gjennomgått. Oppsummering med presentasjon av resultat. 7 personar deltok på sluttmøte.

I vedlegg 1 er det gjeve ein oversikt over deltakarane ved revisjonen.

## **9. Dokumentunderlag**

Dokumentunderlaget for kontrollen var:

- Aktuelle lovar og forskrifter
- Utsleppsløyve frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 18.11.09.
- Korrespondanse mellom verksemda og Fylkesmannen i Møre og Romsdal

- Verksemda sin eigen dokumentasjon knytt til den daglege drifta og til forhold som har noko å seie for helse/miljø/sikkerhet

I vedlegg 2 har vi satt opp ei liste over dokumentar som var spesielt viktige som dokumentunderlag for revisjonen.

## Vedlegg 1

**Deltakarar ved Fylkesmannen i Møre og Romsdal sin revisjon ved  
Kristiansund lufthavn, Kvernberget 24.01.14 og 28.01.14**

Namn	Funksjon	Opningsmøte	Intervju	Sluttmøte
Ole Kristian Pettersen	Lufthavnsjef	X	X	X
Ola Sandvik	Driftssjef	X	X	X
Vegard Tømmervåg	Product manager SAS		X	X
Roger Nilsen	Lufthamnbetjent		X	X
Inge Olsen	Maskinteknisk leiar		X	X
Frank Stokke	Hovudverneombud		X	X
Erik Aspen	Stasjonssjef SAS	X	X	
Bjørn Reiten	De-icing ansvarleg SAS		X	X

Fylkesmannen sin revisjonsgruppe: Reidun Sofie Schei og Anne Grete Kleven

## Vedlegg 2

**Dokumentgrunnlag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal sin revisjon ved Kristiansund lufthavn, Kvernberget 24.01.14 og 28.01.14**

Nedanfor har vi satt opp ei liste over dokument som var særleg viktig for gjennomføringa av revisjonen:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (Forurensningslova) av 13.mars 1981 med forskrifter
- Forskrift om systematisk helse, - miljø – og sikkerhetsarbeid i virksomheter av 6.desember 1996 (Internkontrollforskrifta)
- Utsleppsløyve datert 18.11.09
- Søknad om endring av vilkår i utslippstillatelsen datert 14.09.12
- Eigenrapportar til FMVA
- Stillingsbeskrivelse for driftssjef, datert 01.04.09
- Stillingsbeskrivelse for lufthavnbetjent, datert 01.04.09
- Miljørisikoanalyse mars 2009
- Vestlandsprosjektet 2008- 2009, datert 17.12.09
- Miljøhandlingsplan datert 01.03.13
- Samordningsavtale mellom Avinor Kristiansund lufthavn Kvernberget og SAS, datert 01.07.13
- Avviksrapportar for 2014 som omhandla ytre miljø.
- Avinor - Rutiner for sandfang/ oljeutskiller for driftsbygg (ikkje datert)
- Rapport fra beredskapsøving 2012
- Tilstandsrapport for oljeutskilleranlegg, 27.11.09 (for brannøvingsfelt)
- Forbruk av baneavising sesong 11/12 og 12/13
- Forbruk av flyavising sesong11/12 og 12/13
- Miljøovervåkningsprogram Kristiansund lufthavn, Kvernberget, datert 26.11.01
- Analyserapportar for prøvetaking elvevann tatt i 2012, 2013
- Environmental evaluation and risk assessment of aircraft de- icing chemicals for use at Norwegian airports. Aquateam datert 12.10.09.